



Eikeelva sprudlar friskt, men om det vert dobbelbruk av vatnet er uvisst

Clemens Kraft har fått konsesjon på utbyggjing av Eikeelva men det er ikkje dermed avgjort at prosjektet vert gjennomført. uskedalen.no erfarar at det kan gå ei viss tid før det vert endeleg bestemt om selskapet vil utnytta konsesjonen. Svein Mygland i Clemens Kraft minnar om kva som er vanleg rutine i samband med dei prosjekta CK får grønt lys for: Det vert gjenført ein ny vurderingsrunde som ikkje minst handlar om den økonomiske sida. Og førebels er det for tidleg å kommentera den. Selskapet har over 40 prosjekt i porteføljen og har så langt 7 konsesjonar inne. To av kraftverka er under byggjing og fleire vil verte starta i åra som kjem. Men om Eikeelva er blant dei er det altså for tidleg å meine noko om Mygland treng i alle fall tid for å kunne uttala seg om det.



[Vassinntaket vert passert under synfaringa ifjor](#)

I alle fall er det eit stort selskap som er interessert i Eikeelva og dei mogelegheiter elva byr på. Den er også spesiell ettersom den er kjelde for vassforsyninga i Uskedalen. Det set spesielle krav som også har prega førebuingane så langt men utan å setta bom for prosjektet..

Clemens Kraft er eit heileigd dotterselskap av Opplysningsvesenets Fond og har mellom anna ansvaret for å utvikle kraftressursane på fondets grunn. Ovf er ein av dei største grunneigarane i landet. Det eig prestebustader og prestegardar samt betydelege areal og finanskapital..Skog og utmark, eigedomsutvikling og næringseigedommar er blant satsingsområda. Fondet si verksemd skal komme kyrkja til gode.

Tekst, foto og nett.Ola Matti Mathisen